

## Vedlegg 6 Vidare utgreiing barnehage- og skulestruktur Suldal Kommuneøkonomi og struktur




## Utvikling i kommuneøkonomien i Suldal

Suldal har store kraftinntekter, men ein aukande del eldre vil føre til press i retning av høgare kommunale utgifter til helse og omsorg. Dei store kraftinntektene har gjort det mogleg for kommunen å ha høge driftsutgifter og eit tenestetilbod med høg kvalitet. Samstundes har overskotet (netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter) lege høgt, sjølv om det har gått noko ned dei siste åra.

Færre personar i yrkesaktiv alder over tid vil svekkje skatteinntektene frå innbyggjarane. Fleire unge og fleire eldre inneber høgare kommunale utgifter til barnehage, skule og eldreomsorg. Inntektssystemet for kommunane byggjer på at kommunane skal omfordele budsjetta sine frå tenester der talet på brukarar går ned (elevar) til tenester der utgiftene aukar (eldre).

### Demografi og utgiftsvekst

Kommunen har gjort ei berekning av kva dei demografiske endringane i SSB sitt hovudalternativ vil føre til av auka kommunale driftsutgifter. Berekningane viser at utgiftene vil auke betydeleg som følgje av fleire av dei eldste eldre. Utgiftene knytte til skuleelevar går noko ned. Dette er ei teoretisk berekning basert på at utgift per elev og per eldre person er konstant.



Figur Beregna demografiutgifter. Kjelde Suldal kommune, økonomiplan<sup>1</sup>.

<sup>1</sup> <https://pub.framsikt.net/2026/suldal/bm-2026-hp26k#/generic/summary/popstat?scrollTo=PopStat-PopulationDevelopment>


## Kommunale inntekter og demografisk utvikling

Inntektssida er òg sårbar for utviklinga i folketal og sysselsetjing. Rammetilskotet følgjer først og fremst utviklinga i talet på innbyggjarar, men blir justert for ulike utgiftsbehov i ulike aldersgrupper. Det siste ser vi her bort frå. Rammetilskotet blir avkorta gjennom inntektsutjamninga, fordi Suldal har store kraftinntekter. Dette er det teke høgd for i framskrivinga av rammetilskotet.

Utviklinga i skatteinntektene er føresettt å vere proporsjonal med utviklinga i talet på sysselsette busette i kommunen. Det blir lagt til grunn at talet på sysselsette utgjer ein fast del av folketalet i aldersgruppa 20–66 år, slik at endra alderssamansetjing med færre i yrkesaktiv alder òg gir færre sysselsette. Utrekninga inneber at skatteinntektene varierer mykje avhengig av befolkningsutviklinga. Utviklinga i samla skatteinntekter og rammetilskot frå 2026 til 2040 er vist i figur under. Det er teke utgangspunkt i SSB sine framskrivingar frå 2024, og dei tre framskrivingane har ulike befolkningsnivå i 2026. Difor startar dei tre kurvene på ulike nivå også for kommunens inntekter dette året. Det er likevel endringane frå 2026 og framover som er interessante.

Ifølgje desse utrekningane vil demografiske endringar bidra til 5 prosent lågare inntekter (sum personskatt og rammetilskot) frå 2026 til 2040 i SSB sitt hovudalternativ (den midterste kurva). Nedgangen i inntekter fram til 2040 blir 10 prosent med låg befolkningsvekst. Med høg vekst blir det ingen endring fram til 2040. Desse trendane held fram på 2040-talet. Inntektsnedgangen frå 2026 til 2050 blir følgeleg større i hovudalternativet og i alternativet med låg befolkningsvekst, med nedgang på høvesvis 9 prosent (hovudalternativ) og 18 prosent (låg befolkningsvekst).

Det må understrekast at dette er grove anslag. Vi vurderer likevel at utrekningane fangar opp viktige verknader på kommunens inntektssida som følgje av ulike utviklingsbaner for folketalet og alderssamansetjinga.



Figur Sum av skatteinntekter og rammetilskot i tre befolkningsframskrivingar frå SSB.


Kommunen er utsett for dei same trendane som andre utkantkommunar, nemleg færre barn og unge og ein aukande del eldre. Skatteinntektene kan gå ned, og demografien – særleg det at det blir fleire eldre – medfører auka utgifter.

### **Kraftinntekter**

Som nemnt har Suldal store kraftinntekter og dermed òg høge overskot. Utsiktene til at situasjonen med høge kraftinntekter vil halde fram som før, er likevel usikre. Det har vore politisk debatt og gjennomført fleire store offentlege utgreiingar der kraftinntekter har vore tema. I 2022 foreslo Inntektssystemutvalet (NOU 2022:10) at kommunar med store inntekter frå kraftproduksjon burde avgi 10 prosent av inntektene til den nasjonale utjamningsordninga. anbefalingane blei ikkje følgde opp av regjeringa på grunn av sterk politisk motstand. Hausten 2022 og våren 2023 varsla regjeringa at kraftkommunar skulle få trekk i rammetilskotet fordi dei tente ekstraordinært mykje på høge straumprisar. Dette blei òg møtt med motstand, og regjeringa reduserte trekket etter protestar. Ekspertutvalet Energikommisjonen (NOU 2023:3) peikar òg på uheldige verknader av dagens kraftinntektsregime, mellom anna at det kan gi uheldige eller urettferdige økonomiske utslag for enkeltkommunar.

Til no har ikkje forslaga om større endringar i kraftskatten eller utjamningsordningane for kommunar med høge inntekter fått politisk gjennomslag på sentralt nivå. Mykje tyder likevel på at debatten vil halde fram. Frå år til år blir det gjort mindre justeringar i inntektssystemet som trekkjer i retning av at kommunar med høge inntekter kjem dårlegare ut. Eit døme på dette er at inntektsutjamninga er auka frå 62 til 64 prosent for budsjettåret 2026. Det vil seie at kommunar med skatteinntekter over landsgjennomsnittet gjekk frå å bli trekte 62 prosent av desse meirinntektene til å bli trekte 64 prosent. Dette har redusert inntektene for Suldal kommune.

Ifølgje ei utgreiing frå Thema Consulting frå 2023 låg Suldal på åttande plass blant kommunane rangert etter kraftinntekter per innbyggjar, sjå figur under:



Figur Topp 30 kommunar rangert etter sum kraftinntekter per innbygger. Kjelde: Thema rapport 2023-19.

Med endra rammer for norsk økonomi framover og eventuelle nye politiske fleirtal på Stortinget, kan ein ikkje utelukke at større endringar, som trekkjer i retning av at kraftkommunane vil motta ein mindre del av kraftinntektene, kan kome om nokre år. Suldal vil då med stor sannsynlegheit tape inntekter frå kraftsektoren. For å vere varsam og leggje grunnlag for ein berekraftig kommuneøkonomi over tid, har kommunen foreslått tiltak for å redusere driftsutgiftene.

## Oppsummering

Gjennomgangen av kommuneøkonomien viser at Suldal står i ein krevjande kombinasjon av strukturelle utviklingstrekk. Kommunen har i dag store kraftinntekter og høge driftsrammer, noko som har gjort det mogleg å tilby tenester av høg kvalitet over tid. Samstundes er økonomien sårbar for både demografiske endringar og politiske rammevilkår. Framskrivningane viser at ein aldrande befolkning vil gi betydeleg auke i utgiftene til helse og omsorg, medan utgiftene til skule og barnehage går noko ned (men avhengig av strukturvedtak). På inntektssida vil færre personar i yrkesaktiv alder svekkje skatteinntektene, og rammetilskotet vil falle dersom folketalet går ned. Utrekningane indikerer at samla inntekter kan bli mellom 5 og 10 prosent lågare fram mot 2040 i dei mest realistiske framskrivningane.

Kraftinntektene har til no kompensert for mykje av denne utviklinga, men dei framtidige rammevilkåra er usikre. Debatten om kraftskatt, utjamning og fordelingsmekanismer viser at inntektsgrunnlaget kan bli endra,

og at kommunar med høge kraftinntekter gradvis kan få svakare utteljing. Suldal er blant dei kommunane som vil vere mest utsette dersom det kjem større endringar i inntektssystemet.

Samla sett viser analysen at Suldal må føre ein varsam og langsiktig økonomisk politikk. Demografiske endringar og mogleg svekking av kraftinntektene gjer det nødvendig å redusere driftsnivået og sikre meir berekraftige strukturar i tenestene. Dette er avgjerande for å oppretthalde kvalitet, handlingsrom og økonomisk stabilitet i åra som kjem.